




Sunnfjord  
kommune

# Vieåsen barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	20	21	20
Barn over 3 år	31	31	32
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	347,0	347,0	347,0
Arealutnytting i kvm	259,5	265,5	270
Kapasitet arealplassar	77,1	77,1	77,1
Arealplassar i bruk	57,7	59,0	58,7
Ledige arealplassar	19,4	18,1	18,4

## Bemannning i årsverk

Bemannning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,5	0,5
Pedagogisk leiar	5,6	4,3
Barnehagelærar	0,0	1,3
Fagarbeidar	1,6	2,0
Assistent	4,8	6,0
Lærling	1,0	1,0
Snittalder		47,7

## Grunnbemannning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	6,0	6,0	5,9	5,9

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	9,9	12,0	11,8	12,7

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	7 884 679	8 528 514	8 544 173	9 964 370
Budsjett	7 816 809	8 679 721	8 464 830	10 124 231
Kostnad per heiltidspllass	138 328	157 935	168 857	195 380

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Slåtten skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum.
Bustad og næring	Vieåsen barnehage er «nærbarnehage» til to viktige og store kompetansearbeidsplassar – Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet.

## Bygningsmasse

Byggeår	1978, kommunal i 2008.
Areal	635 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	347 kvm
Uteareal	2 305 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	4,1 km
Avstand til Viebøen barnehage	750 m
Avstand til Hatlehaugen barnehage	1,7 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har pedagogar på kvar avdeling, samt stabil personalgruppe med lang erfaring
- Vi er ein barnehage i utvikling, og er kontinuerleg med på prosjekt. Jobbar i prosjekt med heile personalgruppa
- Samarbeid mellom avdelingane i høve temaplakatar – sikrar pedagogisk tilbod
- Har fokus på inkludering, leik og vaksenrolla, fysisk aktivitet og COS-kunnskap
- Vi prioritærer å bemanne avdelingane, framfor materielle innkjøp

#### Forbetningsområder

- Auke grunnbemanninga
- Rettleiing til nytilsette
- Utdanne fleire spesialpedagogar
- Fleire rom til å fordele barna og personale

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Det fungerer godt med 1-3 år på småbarnsavdeling og 3-5 år på storbarnsavdeling
- Gode lystilhøve
- Har lyddempande plater i taket
- Lyse veggar
- Gymkjellar

### Forbetningsområder

- Betre garderobe til dei tilsette
- Solskerming på 3 avdelingar
- Lydisolering mellom kontor
- Utbetring av uteleikeplassen

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Plasseringa til barnehagen er viktig for det pedagogiske tilbodet til barna. Vieåsen ligg svært godt til med kort veg til skog, fjell, tjern og elv
- Barnehagen har ein variert og fin naturleikeplass som innbyggjarane kan nytte
- Barnehagen sin leikeplass vert brukt av nærmiljøet
- Grendelaget brukar barnehagen sin kjellar til møtelokale
- Eit viktig samlingspunkt på ettermiddag og helg. Det er eit trygt symbol som fører folk saman

### Forbetningsområder

- Søkje om spelemidlar for utbetring av naturleikeplassen og uteområde, i samarbeid med grendelaget

## Andre innspel

- Sunnfjord kommune må redusere tal barnehagar – minimum fire avdelingar pr barnehage
- Oppjustere eksisterande bygg og heller fordele personale og barn frå den barnehagen som må reduserast, enn å slå saman fleire barnehagar i eit nybygg

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytt Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Vieåsen barnehage følger bemanningsnorma, men ikkje pedagognorma. Det er noko overfulligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

Barnehagen blei etablert i 1987, det er ikkje gjort større oppdateringar sidan bygget blei oppført. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn manglar barnehagen nokre fasilitetar for tilsette, mellom anna pauserom og optimale kontorplassar for tilsette. Arealet til barn er i stor grad gode, men det er ikkje optimale grupperom. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det igjen føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området, eller er villige til å bruke tid på å bringe/hente dersom barnehagen ligg langt frå heim eller arbeidsplass. I tillegg treng vi at foreldre søker plass i barnehagen.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).